



Norunn Bjørge
Eidsnesvegen 121
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2679 - 14/19679

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
29.08.2014

Informasjon om søknadsprosess ved bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad - gbnr 215/56 Eidsnes ytre

Det vert vist til korrespondanse vedkomande bruk av fritidsbustad til heilårsbustad på eigedomen gbnr 215/56.

Lindås kommune kan ikkje sjå ut frå vårt arkiv at det er gitt løyve til bruksendring. Vi finn heller ikkje søknad om bruksendring i arkivet.

Med dette brevet ønskjer Lindås kommune å informere Dykk om søknadsprosessen.

Bruksendring er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 bokstav d.

Eigedomen er i kommuneplanens sin arealdel avsett til LNF- område. Ein bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad krev derfor dispensasjon frå LNF formålet jf. pbl. § 19-2.

I tillegg til å sende inn søknad om bruksendring jf. pbl. § 20-1 bokstav d, må det og sendast inn søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel jf. pbl. § 19-1.

De kan velje om de ynskjer å sende inn samla søknad eller om de først ynskjer å sende inn søknad om dispensasjon for vurdering. Dersom dispensasjonssøknaden vert sendt inn først og godkjent, må komplett søknad om bruksendring sendast inn i etterkant med bruk av ansvarleg føretak.

Plan og bygningsloven § 20-1 annet ledd seier at «[s]øknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i [Pbl. § 20-1 bokstav d] skal forestås av foretak med ansvarsrett i samsvar med bestemmelser gitt i kapittel 22 og 23 med mindre annet fremgår av §§ 20-2 eller 20-3.»

Dykk treng ikkje ha ansvarleg føretak for sjølve dispensasjonssøknaden. Men vi gjer Dykk merksam på at dispensasjon krev grunngitt søknad. Villkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 må vere



oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. Det kan difor vere ein fordel å engasjere eit ansvarleg føretak som har erfaring med å skrive dispensasjonssøknader.

Både søknad om bruksendring og søknad om dispensasjon må nabovarslast jf. pbl. 21-3 før søknadene kan sendast til kommunen.

Frist for å senda inn søknad vert sett til **01.10.14**. Viss Lindås kommune ikkje har mottatt søknad innan fristen, må kommunen følgje saken vidare opp som ein sak vedkommande ulovlege tilhøve på eigedomen. De vil da få tilsendt førehandsvarsel om pålegg om opphøyr av bruk, samt førehandsvarsel om tvangsmulkt. Dette til orientering.

Ved ytterlegere spørsmål ta kontakt med byggesaksavdelinga i Lindås kommune.

For informasjon om gebyr for byggesakshandsaming vert det vist til www.lindas.kommune.no, gebyrforskrifta finn ein under sjølvbetening og prisar.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Norunn Bjørge

Eidsnesvegen 121 5913

EIKANGERVÅG